



NVE

Etne, 17.10.2018

Dykkar ref.: **Vår ref.:**

Arkivsaknr:18/1286

Journalpostnr:18/9517

Arkiv:

N - 658

Sakshandsamar:

SIK

Nasjonal ramme for vindkraft på land – Fråsegn frå Etne formannskap 16.10.2018 Etne kommune seier nei til utbygging av vindkraft i sårbare område!

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) arbeider for tida med kartlegging av område som kan egne seg for vindkraft. Dette er grunnlaget for ein nasjonal rammeplan for utbygging av landbasert vindkraft med vindmøller på inntil 250 meters høgde, med tilhøyrande veganlegg.

Denne planen skal peika på område i Noreg som NVE meiner er best eigna for storskala vindkraftutbygging, og NVE har identifisert 43 analyseområde, 4 av desse i Hordaland.

Etne kommune meiner det er bortkasta å bruka ressursar på å analysere område i Hordaland som heilt klårt har så store natur- og friluftsverdiar at det aldri kan bli aktuelt å etablere vindkraftinnstallasjonar der.

80 prosent av friluftsområda i Hordaland fylke er kartlagt og verdsett. NVE bør bruke dette materialet og trekkje ut frå analysearbeidet verdfulle område som har så stor verdi at dei er uaktuelle for utbygging av vindkraft. VindkraftInngrepa som må til for å etablere vindkraft på land vil i dei fleste tilfelle vera omfattande og skjemma. Berre 12 prosent av landet vårt består av villmarksprega natur. Det ligg eit stort ansvar på oss i å sikre at framtidige generasjonar framleis kan få glede av store og gjennomgåande urørte naturområde.

Etne kommune ventar at planane for vindkraftutbygging i Etnefjella (område 15) vert avviste når dei skal handsamast på politisk nivå i departement og Storting. NVE har føreteke ein del eksklusjonar, men område som ikkje er ekskludert, og som dermed kan verta vurderte for vindkraftanlegg, inneber store deler av fjellområda i Etne, mellom anna:

Fjellområda langs Åkrafjorden som omfattar Blomstølen, Sandvasshytta og Simlebu, området rundt Løkjelssvasshytta og området mellom Etne og Skånevik.

Etne bidreg i stor mon til energiproduksjonen i landet gjennom vasskraftproduksjon og i tillegg bandlegg me store areal til overordna straumnett. Me må ta vare på dei urørde naturområda me har att, og i alle høve ikkje øydeleggja eit av dei vakraste og mest sårbare områda. Etnefjella er kjend for Turistforeninga si Gullrute gjennom kommunen. Etne kommune satsar på naturbasert reiseliv. I kommuneplanen er dette vedteke:

- *Reiselivssatsinga skal ha grobotn i samspelet mellom friluftsliv, natur og kultur.*
- *Kommuneplanen skal ivareta nasjonale, regionale og kommunale oppgåver og vera grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Berekraft står sentralt, og tyder*



at ein skal bruka ressursar på ein måte som ikkje øydelegg for framtidige generasjonar og deira mogelegheiter.

- *Utviding av eksisterande inngrep skal prioriterast framfor nye inngrep, der dette leier til mindre konsekvensar for miljøet.*

Etne kommune ber om at ein får på plass ein metode for å verdsette urørt natur. Me kan ikkje lenger sette dette til kroner null.

Etne kommune vil uttrykka uro for prosessane kring konsesjon for bygging av vindkraft. På dette området har kommunar og fylkeskommunar uttalerett, medan det er NVE som gjev løyve til bygging. Slike anlegg kan potensielt skape store inngrep, og dei bør difor være omfatta av reguleringsplikt.

Etne kommune krev at nye vindkraftprosjekt må vurderast opp mot dei samla miljøkonsekvensane og samfunnsinteressene ei utbygging medfører. Difor må det utarbeidast ein heilskapleg plan for vindkraft, som må leggjast til grunn for utbygging i Norge. Den skal gje ei oversikt over miljøkonsekvensar for gjennomførte og nye prosjekter og kva konsekvenser dei samla sett vil få for naturmangfald, dyreliv og friluftsliv.

Ein heilskapleg plan for vindkraft må verta ein del av ein «**Ny samla plan for vind- og vasskraft**» slik at ein kan sjå dei samla miljøutfordringane i ein heilskap og ha gjennomgåande nasjonale retningslinjer for handtering av søknader.

Med helsing

Siri Klokkestuen
ordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Erik Kvalheim